

Reguleringsplan Tenål. Merknader til høyring mai/ juni 15. Samanstilling

23.6.15 OW

Namn/eigedom	Hovudpunkt
Fylkesmannen	Unngå inngrep i vass-strengen ved bygging av bruer. Ingen tilråding om vegalternativ Viser til innspel ved oppstart
NVE	Tilrår <u>vegetasjonsbelte</u> mellom veg og elva, for at elva kan vera eit positivt innslag
STVV	Krav til kryss: 6-72m i nord, 6x120m i sør Generelt: Færrast mogeleg avkjørsler ut på FV121. Alt 1. og 3 ok. med rette sikktrekantar og geometri Alt 2 : Må endrast. Midtre avkjørsle koblast til sørleg kryss. Plan må innehalda gang/sykkelveg frå feltet til skulen.
G. Matre (ved Tenål-tunet)	Ynskjer ikkje auka trafikk forbi huset. Vil motsetja seg vist tomteløysing i alt.3, som forutset makebyte.
Hilde Anett og Jonny Tenold	-Nye vegar må ikkje leggjast nær eks. bustader -Sterkt mot alt.3 (opprusting av eks. veg). Vil gje veg på begge sider av tomta. -Ynskjer at utsikt mot sør ikkje vert stengt av nye hus. -Ynskjer ikkje leikeplass på to sider av tomta.
May Tuxen- Tenold	Ynskjer primært ingen utbygging. Ynskjer ikkje tomt/hus mellom gamlehuset og nyehuset Meiner Vegalternativ 2 er best for henne.
Harald Johan Systad	Ynskjer ingen utbygging på Tenål. VK burde velja andre område.
Fosse, Fjellanger, Berdal (2 partar/eigedomar)	Meiner utbygging på nordsida av elva må løysast med eigen veg. Eks.veg bør ikkje utvidast eller belastast med meir trafikk. Bør liggja som tilkomst til eks. hus, og som gang/sykkelveg. Nye byggeområde på sørsida bør få eigen avkjørsle til FV121 Går for eit bearbeida alt 2.
Sveinung Tenold	Vegløysing 1 og 3 kan akseptast Atterhald om at tal tomter vert minst 13. ST vil styra utvikling av eigedomen sjølv. (I møte sa ST at alt. 2 <u>kan</u> vera akseptabelt , men <u>uten</u> vegsamband i austgrensa for eigedomen.)
Signe Marie Orvedal	Sterkt mot alt. 3 Peikar på stor trafikk i krysset Eks. veg bør bli gang-og sykkelveg. Bør byggjast ny veg etter alt.2, men med tverrveg over til nordsida Vest for gartneriet.
Ole Petter og Gro Ramberg	-Aksepterer ikkje ny offenleg veg over eigedomen -Vil utvikla eigedomen sjølv -Meiner medvirkning har vore for dårleg. Deira meiningar har ikkje vorte høyrde.
Jo Risløv	Meiner krysset ved Tenåltunet må utvidast med tanke på nord-sør trafikk med landbruksmaskiner .



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Dag Endre Stedje
Telefon: 57643150
E-post: fmsfdst@fylkesmannen.no

Vår dato
10.06.2015
Dykkar dato
15.05.2015

Vår referanse
2014/3734 - 421.4
Dykkar referanse

Vik kommune

Postboks 134
6891 Vik i Sogn

Fråsegn til uformell høyring av vegløyningar for bustadområdet i reguleringsplan for Tenål i Vik kommune

Vi viser til oversending dagsett 13.05.2015.

Det er sendt ut tre alternative vegløyningar på ei uformell høyring. Målet med denne høyringsrunden er å få innspel og synspunkt slik at grunnlaget for ei avgjerd om vegval og endeleg planforslag er best mogeleg.

Vi har ikkje noko konkret tilråding når det gjeld dei tre vegalternativa. Det er frå før fleire brukryssingar av Stadheimselvi, og dei tre alternativane for nye vegløyningar inneber ein eller to nye kryssingar. Av omsyn til fiskeinteressene i Stadheimselvi (sjøaure) ser vi det som viktig at det i føresegnene til planen vert presisert at ein skal unngå inngrep i sjølve vasstrengen ved bygging av nye bruer.

Vi viser elles til vår fråsegn 10.12.2014 i samband med oppstartvarslet for planarbeidet.

Med helsing

Heidi Sandvik
seniorrådgjevar

Dag Endre Stedje
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: Sogn og Fjordane fylkeskommune, plan- og samfunnsavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Vik kommune
Postboks 134
6891 VIK I SOGN

Vår dato: 05.06.2015
Vår ref.: 201405640-7
Arkiv: 323
Dykkar dato: 13.05.2015
Dykkar ref.: 14/1206

Sakshandsamar:
Terje Systad

Uttale til høring av alternative vegløysningar - Reguleringsplan Tenål - Vik kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 13.5.2015. Saka gjeld høring av alternative vegløysingar for reguleringsplan Tenål. Det er sendt ut tre alternative vegløysingar på ei uformell høring.

Alle dei tre framlagde alternativa medfører at ny veg blir lagt nær opp mot Vetlaelvi. Kantsona langs vassdrag er verdifull for friluftsliv og miljø. Vi rår til ein prøver å finne fram til ei utforming av vegen som gjer til at elva blir eit positivt innslag i planområdet, og ikkje «stenger» den inne ved å ha vegen tett inn til vassdraget. Vassressurslova § 11 stiller krav om at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Statens vegvesen

Vik kommune
Postboks 134
6891 VIK I SOGN

VIK KOMMUNE	
Reg.nr. 15/7361	Saksbeh. OTWi
09 JUN 2015	
Arkiv P L12	Arkiv S
J.nr. 15/664-8	Gred

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Harald Eivind Skildheim - 57655814

Vår referanse:
2014/125490-004

Dykkar referanse:
14/1206-28

Vår dato:
08.06.2015

Innspel til uformell høyring av reguleringsplan Tenål - vegløyningar for nytt bustadområde - Vik kommune

Vi viser til brev datert 13.05.2015 om innspel til vegløyningar for nytt bustadområde reguleringsplan Tenål.

Det ligg føre 3 alternativ vegløyningar for bustadområdet:

Alt. 1 Etablering av ny hovudveg/kryss nord for noverande kryss og eksisterande kryss vert nedlagd. Avkjørsle i sør vert oppgradert til vegkryss, dvs 2 vegkryss inn på fv. 121.

Alt. 2 Ny hovudveg vert etablert i sør (jf. arealdelen kommuneplan). Etablering av ny hovudveg/kryss nord for noverande kryss og eksisterande kryss vert nedlagd. Avkjørsle i sør vert oppgradert til vegkryss, dvs 3 vegkryss inn på fv. 121.

Alt. 3 Noverande hovudveg/vegekryss vert halde fast på , men må opprustast. Avkjørsle i sør vert oppgradert til vegkryss, dvs 2 vegkryss inn på fv. 121.

Kommentar til alternativa:

Alt. 1 inneber at det skal byggast ny bru over Vetleelvi med etablering av nytt vegkryss inn på fv. 121. Tilkomst skal utformast som vegkryss med siktretkantar 6 x 72 meter i begge retningar, jf. HB N100. Ny bru med rekkverk må ikkje føre til redusert friskt i begge retningar 6 meter frå vegkant. Tilkomst i sør skal utformast som vegkryss med siktretkantar 6 x 120 meter i begge retningar.

Alt. 2 inneber at det vert etablert ny tilkomst i sør. Dette krysset skal utformast som vegkryss med siktretkantar 6 x 120 meter i begge retningar, jf. HB N100. Elles som alt. 1. Alternativ 2 er ei god løysing for framtidig utbygging av byggefelt i sør.

Vi er ikkje positiv til at alt. 2 legg opp til 3 vegkryss inn på fylkesvegen. Eksisterande avkjørsle nord for nytt kryss bør koplast inn på det nye krysset. Elles private avkjørsler på

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Skrivarvegen 3, Tinghus III
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

vegstrekinga bør koplatt inn på vegkryssa. Vidare planlegging må difor legges opp til at det vert færrest mogleg avkjørseler/vegkryss inn på fylkesvegen.

Alt. 3 inneber at noverande vegkryss vert rusta opp. Eksisterande kryss er trafikkfarlig. Tilkomst skal utformast som vegkryss med sikttrekantar 6 x 72 meter, jf. HB N100. Tilkomst i sør skal utformast som vegkryss med sikttrekantar 6 x 120 meter i begge retningar.

Vi ber om at valt alternativ/ kommande planforslag gjer greie for dei trafikale konsekvensane av både ny og ved utvida bruk av tilkomst. Planforslaget må innehalda gang – og sykkelveg frå bustadfeltet og fram til skulen. Det må leggast vekt på trygg skuleveg som blir brukt i praksis.

Planforslaget må legge til rette for vidareføring/bygging av gang – og sykkelveg på vestre side av fv. 121.

Vi vil elles minna om:

- Det bør ikkje etablerast fleire avkjørsler enn dei som er der i dag.
- Vi viser til siktkrava for avkjørsel/vegkryss, jf. gjeldande vegnormalar N100 og V121.
- Vi ber deg nytte handbok N100; Veg- og gateutforming og V121; Geometrisk utforming av veg- og gatekryss i den vidare planlegginga. Byggegrense skal teiknast inn i plankarter. Vi oppmodar og om at frisikoener /siktlinjer inngår i plankartet og føresegnene.
- Det må vidare leggast vekt på trygg skuleveg. Gode løysingar for gåande / syklende.

Statens vegvesen vil koma meir med i neste fase av planarbeidet når det vert lagt fram eit konkret planforslag.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Magna Vangsnes
Magna Vangsnes
seksjonsleiar

Harald Skildheim
Harald Eivind Skildheim

Til Vik kommune, plan/forvaltning

Angående tilsendt reguleringsplan for Tenål

Undertegnede kjøpte hus på Tenål i oktober 2013 og hadde i den forbindelse et møte med Ottar Vik for å få litt mer informasjon om de planene som til da fantes og i hvilken grad disse ville påvirke huset, tomte og området omkring. Mitt inntrykk den gangen var at kommunen ville prøve å bevare det gode bomiljøet og særpreget på Tenål.

Mitt ønske er at trafikken forbi huset ikke øker. Det beste er om de nye boligområdene kunne få tilførselsveier nærmest mulig eksisterende veier, med minst mulig belastning for eksisterende bebyggelse. Slik sett er ingen av de tre alternativene gode. Det bør søkes etter en bedre balanse mellom ønsket om flere nye boliger i området, og behovet for et best mulig bomiljø for de som allerede bor der.

Alternativ 3 – med et nytt bolighus som dekker halvparten av min tomt, vil kreve makeskifte. Jeg kan ikke se noen gode løsninger for min del, og vil derfor trolig motsette meg en slik løsning.

Jeg har forstått at dette er en foreløpig plan. Den bør ikke realiseres. Jeg vil fraråde en sånn inngripen i et godt etablert lokalmiljø.

Med vennlig hilsen
Grethe Matre

Høyringsuttale om vegval på Tenål

Viser til brev av 13.mai der de legg fram tre alternative trasear.

Generelt tenker vi at nye vegar ikkje må leggest for nær eksisterande boligar i område, då det vil gjere buforholda våre dårligare. Når nye vegar skal planleggast, meiner vi at det må vere mulig å få dette til utan at de skal ta av hagane våre, som vi har brukt mykje tid og pengar på og opparbeide.

Når det gjeld veg er vi sterkt imot alternativ 3, denne løysinga vil auke trafikkmengda rundt vår bustad sidan krysset i Seljestokkane framleis skal vere der og all trafikk frå Tenold, Følid og Steim vil fortsette å gå forbi her. Samstundes vil det bli veg på andre sida av elva med mykje trafikk. I tillegg ser vi at gangvegen vil komme veldig nær huset vårt, og det vil gi auka innsyn til boligen, noko vi ser som veldig ugunstig. Og ikkje minst vil den øydelegge store delar av hagen som vi opparbeida.

Når det gjeld alternativ to er vi usikre på om det er tenkt gangvei på tomta vår, slik som i alternativ tre. Tankane om den er i tilfelle det same som for alternativ tre.

Elles synest vi at dette er det beste alternativet når det gjeld veg.

Sidan det i desse teikningane er teikna inn både tomter og leikeområder vil vi samstundes gi ei uttale om dette:

Som tidligare nemt ønskjer vi å behalde ein del av utsikta vår, og slik husa er teikna inn vil vi miste det meste av den. Då vi får eit hus rett framfor den delen av eigedommen der vi har uteplass . I det minste tenker vi at dei husa bør ligge vendt samme veg som Ellbjørg og Jon Harald sitt, slik at det vi ikkje berre ser ein husvegg. I tillegg har vi ynskje om at det ikkje skal vere vindauger på nord vegg på boligar som ligg vendt mot oss.

Det er viktig med grøntareal og leikeplassar, men vi tenker at dei bør ligge i tilknytning til dei nye eigedommar, ikkje dei eksisterande. Vi reknar med at på det tidspunktet desse kjem på plass, så er våre ungar så store at dei ikkje har interesse av dette. Forslaget i alternativ to vil gi oss leikeplass på to sider av eigedommen vår noko vi er svært lite tilfreds med, det er meir enn nok med ein.

Vi ber om at kommunen i den komande prosessen tek mest omsyn til oss som bur her i dag og ikkje berre har fokus på å få nye tilflyttarar til bygda. Dei som seinare skal velje seg ei tomt, kan sjå på fordelar og ulemper med dei aktuelle tomtene før dei bestemmer seg. Vi er prisgitt dei vala som blir tatt i denne prosessen. Den beste reklamen for bygda er god omtale frå oss som bur her.

Med helsing

Hilde-Anett og Jonny Tenold

6893 Vik i Sogn

Fra: reise
Sendt: 14.06.2015
Til: Postmottak Vik Kommune
Kopi: ttenol-t@hotmail.com
Emne: Reguleringsplan Tenål

Viser til brev av 13/5-15.

Aller helst ser eg at det ikkje vert noko av den planlagde utbygginga i området.
Om det vert utbygging, ser eg helst at det ikkje kjem hus mellom nye og gamle huset her i Mjølþøra.
Av skisserte forslag til veg/bru, meiner eg alt.2 vil verta best for meg.

May Trude Tenol-Tuxen

Vik kommune
Postboks 134
6891 Vik i Sogn

VIK KOMMUNE	
Reg.nr. 15/7439	Saksbeh. OTWi
12 JUN 2015	
Arkiv P L12	Arkiv S
J.nr. 15/664-12	Grad

11.06.15

Harald Johan Systad
Postboks 136
6891 Vik i Sogn

Reguleringsplan Tenold

Vegløysingar for nytt bustadområde på Tenold. 3 alternativ til uformell høyring.

Viser til dykkar brev, datert 13.05.15. vedr. Reguleringsplan Tenold, tema vegløysingar. Som eigar av Bnr./Gnr. 4/24 har vi tidligare uttrykt vårt syn, både i møte med dykk, samt i brevs form. Dette i brev av 22.01.13 og 28.04.14. Vi vil med dette presisera, som grunneigar, at vi ikkje stiller oss positive til kommunens planar om kommunal regulering av området (min eigendom) til bustadsformål.

Kan ikkje sjå at det forelegg nokon tilbakemelding på nevnte brev, som vi har sendt kommunen vedr. denne saka. Etter mitt syn, så er det ein del spørsmål som kommunen let stå ubesvarte.

I denne saka har kommunen, etter min meining, ikkje grunneigarane med seg. Planar har vorte presentert, men grunneigane har ikkje vorte høyrte. Å forsetja denne prosessen, utan å ta ein vurdering av situasjonen, vil virka som rein overkjøring, arroganse og maktmisbruk.

Vik kommune veit at det er nok av «frivillige» tomtar i kommunen. Men det ser ikkje ut som dette blir vurdert.

Derimot går kommunen i gang med prosjektering av eit bustadområde på Tenold, kor det er allment kjent at prislappen pr. tomt blir mykje dyrare enn om ein hadde lagt eit bustadområde på ein meir egneleg stad i bygda.

Etter vår meining er dette misbruk/sløsing med kommunale midlar. I ein kommune som har mange andre utfordringar, så burde eit billigare alternativ vore valgt. Slik vi ser det, vil dei folkevalgte ha vanskar med å være positive til desse planane, når den totale prislappen blir kjent.

Basert på vårt synspunkt vedr. bustadområde, vil det ikkje være rellevant å ta nokon stilling til dykkar forslag til vegløysingar.

Med venleg helsing

Harald Johan Systad



Vik kommune
Postboks 134
6891 VIK I SOGN

Vik, den 09.06.2015

VIK KOMMUNE	
Reg.nr. 15/7427	Saksbeh. CTWi
12 JUN 2015	
Arkiv P L12	Arkiv S
J.nr. 15/664-11	Ørpd

**Reguleringsplan Tenold
Innspel/synspunkt – vegløysingar**

Viser til motteke brev med tre vedlagde alternativ. Vi har fylgjande synspunkt:

Alle tre alternativ legg opp til relativt mange nye tomter både nord og sør for Tenoldselva. Vi meiner at all utbygging på nordsida av Tenoldselva (og som er den største i tal tomter) må ha all infrastruktur løyst på same sida av elva – hovudveg/internveger. Det er då naturleg at slik ny hovudveg på nordsida også vert tilkomstveg for ein god del av eksisterande bebyggelse på denne sida opp mot Tenold.

Også all utbygging som skal skje sør for Tenoldselva og Seljestokkvegen må få sine vegløysingar mot hovudtilkomst/avkøyring til fylkesvegen.

Seljestokkvegen slik den er trafikkert i dag er rein risikosport. Frå tidleg vår til langt ut på hausten er den ein av dei mest trafikerte strekningane i kommunen (gartneriet og Badnadalen). Vi vil meine at trafikken er større enn den vurderinga som er gjort for dette. Denne vegen er i utgangspunktet ein relativt smal bygdeveg. Den er over tid utkøyrd/gjort breiare, det viser gamle gjerde/pålar. Grense mellom veg og eigedomar er uklar.

Denne vegen bør i framtidig løysing berre vere tilkomstveg for eksisterande bebyggelse langs vegen, og elles gjennomgåande gang/sykkelveg. Utviding av denne vegen, og som grip inn i opparbeidde tomter, vil vi ha sterke innvendigar mot.

Vi meiner vidare bearbeiding av alternativ 2, gjev det beste utgangspunkt for framtidig vegløysingar.

Norval Fossen
Siri Fullanger.
Merete L. Berdal
Ashild Berdal